



Vestland fylkeskommune

Dato
26.02.2021

Regional transportplan for Vestland 2022-2033 - innspel

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande innspel til planprogrammet til regional transportplan for Vestland:

Sogn har særeigne utfordringar innan samferdsle. Vi har mange og lange tunnelar. Vegane er av dei mest rasutsette i landet. Dei mange fjellovergangane ut og inn av regionen er krevjande, særleg på vinterstid. I tillegg gjer Sognefjorden oss ofte avhengig av båt og ferje.

Dette gjer oss sårbare. Ved skred og dårleg vêr. Ved ulukker, tunnelbrannar, havari og tekniske problem. Men òg ved større vedlikehaldsprosjekt. Og ofte har vi ikkje omkøyringsalternativ. Eller dei er få og tek urimeleg lang tid.

Det er difor viktig for oss å få «meir veg for pengane». Vi må nytte handlingsrommet i vegnormalen. Vegeigar må - så tidleg som mogeleg i planprosessen - velje rett entreprisreform.

Og vi må ha ein byggherrestrategi som ser investeringane og vedlikehaldet på veg, gang- og sykkelvegar, tunnelar, bruer, rassikring og kommunale tiltak i samheng. Ved å samle tiltaka innanfor eit geografisk område eller vegstrekning kan vi sikre heilskaplege løysingar med t.d. god massebalanse, tryggleik og høg samfunnsnytte.

Rassikring

- Modellen for skredfaktor som Statens vegvesen utarbeider må leggjast til grunn for fylkeskommunen sine prioriteringar. Fylkeskommunen bør ikkje ta inn andre kriterie eller vekta annleis enn det som ligg i skredfaktormodellen.
- Prioriteringslista over skredsikringstiltak frå dei to fylka må vidareførast inn i den nye regionale transportplanen.
- Fylkeskommunen bør setja av ein pott til mindre rassikringstiltak i påvente av større investeringar.
- Fylkeskommunen bør ta i bruk varsla skredutløysing på fleire rasutsette strekningar

Fylkesveg

- Fylkeskommunen bør retta fokus på sikker framkome, mellom anna gjennom utbetring av bruer og flaskehalsar.
- Sogn regionråd støttar arbeidet med forenkla løysingar og ein kritisk gjennomgang av kva som er god nok vegstandard for fylkesvegane, jf «meir veg for pengane»
- I påvente av større opprustingsprosjekt bør ressursinnsatsen aukast for nokre utsette punkt. Mindre investeringar vil kunne gje store effektar for framkome og trafikktryggleik.
- Sogn regionråd sin hovudprioritering er utbetring av fylkesveg 55 Vadheim-grense Innlandet. Fv 55 er ikkje dimensjonert for å ta ekstra trafikk når riksvegane er stengde og det er behov for omkøyringsalternativ. Stengde vegar har store konsekvensar for bygdesamfunn som ofte er utan reelle omkøyringsmoglegheiter.

Mobilitet og kollektivtransport

- Kollektivtransport må bli reelle alternativ til bil også i distrikta slik at vi kan få fleire reisande over på kollektivtilbodet. Skreddarsydde tilbod gjennom bruk av ny teknologi vil gje gode løysingar for blant anna ungdommar.
- Sogn har stort tal turistar samanlikna med talet på fastbuande. Transport- og infrastrukturtiltak må leggje til rette for å styrking av heilårsreiseliv. Her vil vi spesielt peike på båten Sogn-Bergen som avgjerande for at reiselivsprodukta i regionen vår kan utviklast vidare.
- Utbygging av gang- og sykkelveggar bør vera eit område som det bør satsast på både av tryggleiks- og miljøomsyn. Det er derfor positivt at fylkeskommunen har ein eigen strategi for mjuke trafikantar. Særleg er det viktig med godt utbygde gang- og sykkelveggar for born og ungdom. Lokale tilpassingar og forenkla løysingar bør vurderast også på gang- og sykkelveggar.
- Elfly- teknologien er ei spennande utvikling og Sogndal lufthamn Haukåsen er mogleg testpilot for elfly. Vi er spente på fylkeskommunen sitt arbeid med FOT-ruter.

Sogn regionråd viser elles til at kommunane vil kome med sine innspel.

Med helsing

Hilmar Høl
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift